

Fylkesmannen i Hordaland  
Postboks 7310  
5020 BERGEN

Vår dato: 14.12.2017  
Vår ref.: 201708756-2  
Arkiv: 323  
Dykkar dato: 07.11.2017  
Dykkar ref.: 16/787 - 17/31851

Sakshandsamar:  
Toralf Otnes

## Motsegn til detaljreguleringsplan for Eikefet-Urdal - Lindås kommune

Vi syner til brev frå Lindås kommune datert 07.11.2017. Saka gjeld offentlig ettersyn av detaljreguleringsplan for Eikefet – Urdal. Framlegget inneber ei endring av gjeldande reguleringsplan og føremålet er å legge til rette for etablering av deponi for mottak av ureine massar innanfor del av tidlegare steinbrot. I tillegg til det som er nemnd som føremål med ei endring av gjeldande reguleringsplan, syner planen areal til fleire ulike utbyggingsføremål, i hovudsak lager, industriføremål og kai.

**NVE har motsegn (jf. PBL §5-4) til planen. Grunnlaget for motsegna er:**

- **at ROS analyse ikkje er gjennomført med tilstrekkeleg kvalitet**
- **at potensiell flaum- og skredfare ikkje er tilstrekkeleg utgreidd**
- **at planen generelt opnar for inngrep i verna vassdrag som det ikkje er gjort greie for er naudsynt, og heller ikkje konsekvensvurdert i høve til ålmenne interesser i vassdrag**

### Naturfare

I pbl § 4-3 er det sett krav om at det skal gjennomførast ei Risiko- og Sårbarheitsanalyse (ROS) ved utarbeiding av planar for utbygging. NVE meiner det er avgjerande at ROS analysen vert utført av personell med tilstrekkeleg kunnskap om, og forståing for, ROS analysar. Ut frå det vi kan sjå av ROS analysen som inngår i planskildringa meiner vi den er så mangelfull på NVE sine fagområdet at vi meiner Lindås kommune må gå gjennom, og gjennomføre den på ny.

Til dømes blir det svart ja på at det er aktuelt at området er utsett for steinsprang. Hendinga er vurdert som sannsynleg (ei hending pr 20 til 200 år) På kva grunnlag er dette sannsynet trekt? Konsekvensen er vekta til ubetydeleg (ingen personskadar). Korleis kan ein kome fram til ein slik konklusjon? Summert har ein så kome fram til at for steinsprang så er risikoen akseptabel når det gjeld liv og helse. Korleis samsvarar ei hending pr. 20 til 200 år opp mot akseptkriterium for skred i Byggteknisk forskrift (TEK17) §7-3?

Eikefetelva renn langs næringsområda. Eit anna døme på ein konklusjon som er uforståeleg for oss er knytt til flaumfare. I ROS analysen les vi følgjande: «*Eikefetelva er ei flaumelv. Ein vurderer det som*

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

**Hovedkontor**  
Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

**Region Midt-Norge**  
Abels gate 9  
7030 TRONDHEIM

**Region Nord**  
Kongens gate 14-18  
8514 NARVIK

**Region Sør**  
Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

**Region Vest**  
Naustdalsvegen. 1B  
6800 FØRDE

**Region Øst**  
Vangsvæien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR

*sannsynleg med ei flaumhending. Flaumsituasjonen er naturgitt. Planen legg ikkje til rette for tiltak som endrar situasjonen for Eikefetelva. Avbøtande tiltak: Ingen»*

**NVE har motsegn til reguleringsplan for Eikefet Urdal inntil fagkyndige har gjennomført og utarbeidd ein ROS analyse med tilstrekkeleg kvalitet.**

Store deler av planområdet ligg innanfor aktsemdområde for skred, jf. [NVE Atlas](#). I plankartet er det teke inn ei omsynssone H310 Ras og skredfare. Vi kan sjå at aktsemdkart for steinsprang er nytta til å avgrense omsynssona sjølv om omsynssona ikkje dekker alt areal innanfor planområdet som er aktsemdområde for steinsprang. Aktsemdkart for snøskred, og aktsemdkart for jord- og flaumskred er ikkje nytta på same måten. Til omsynssone H310 er det gjeve følgjande føresegn: «Det er ikkje tillate å føre opp bygg for opphald innanfor sonene før det er gjort ei farevurdering og utført eventuelle sikringstiltak.

Dokumentasjon på flaumfare knytt til Eikefetelva er for dårleg dokumentert. Det går ikkje fram av plankart eller føresegner at flaum kan vere noko å ta omsyn til ved utbygging i næringsområde langs elva.

På siste reguleringsplannivå skal reell naturfare avklarast, og område som ikkje tilfredsstillar (TEK17) sine akseptkriterium, (jf. §7-2 og 7-3) skal syne i plankartet med omsynssoner. **NVE har motsegn til reguleringsplan for Eikefet – Urdal inntil fagkyndige har gjennomført ei faresonekartlegging av skredfare og flaumfare innanfor planområdet og konklusjonar frå kartlegginga vert innarbeidd i plankart og føresegner.** I samband med kartlegging av flaumfare må fare for erosjon, og eventuelle naudsynte flaum- og erosjonssikringstiltak vurderast. Tilsvarande må det gjerast greie for om det er mogeleg å sikre mot skredfare. For ytterlegare grunngjeving av grunnlaget for motsegna syner vi til NVE rettleiar 2/2017 [«Nasjonale og vesentlige regionale interesser innen NVE saksområder i arealplanlegging – grunnlag for innsigelse»](#), særleg vedlegg 2.

For rettleiing til det vidare arbeidet elles syner vi til våre nettsider <https://www.nve.no/flaum-og-skred/arealplanlegging/>. Lindås kommune kan og kontakte oss dersom kommunen ynskjer ytterlegare rettleiing.

### Vassdrag

Elva/bekken aust i planområdet må regulerast til Arealbrukskategorien Bruk og vern av sjø og vassdrag, jf. PBL §12-5 nr 6. Vi rår til at elva vert regulert til Naturområde i sjø og vassdrag. Breidda på vegetasjonsbeltet, jf. Vassressurslova §11 kan fastsettast i reguleringsplanen slik det er gjort for Eikefeltelva.

Eikefetelva er verna mot kraftutbygging. NVE er nøgde med at det er sett av eit 10 meter breitt belte (GN) for kantvegetasjon.

Sjølve elvestrengen til Eikefetelva er regulert til Naturområde i sjø og vassdrag. I følge føresegnene er det ikkje lov å gjere nye inngrep i elva anna enn sikringstiltak av elvelaupet. Gjeldande plan omfattar ein langt mindre strekning av Eikefetelva. I følge føresegnene til den gjeldande er det ikkje høve til å gjere nye inngrep i elva, heller ikkje sikringstiltak. Ny plan gir altså høve til å gjere inngrep i heile elva/elvekanten som gamal plan ikkje opnar for, og ganske langt opp i den verna elva (ca. 1800 m). Dette utan at det er dokumentert at det er naudsynt å gjennomføre slike sikringstiltak/inngrep, og utan at det er gjort greie for korleis slike inngrep kan påverke ålmenne interesser i vassdraget. NVE meiner at

det er uakseptabelt at reguleringsplanen skal gi blankofullmakt til å gjennomføre inngrep/sikringstiltak i eit verna vassdrag på ein så lang strekning utan at dette er dokumentert naudsynt eller konsekvensvurdert. Ei kartlegging av flaum- og erosjonsfare mot utbyggingsareal i planen vil avdekka om, og i tilfelle kvar, det er naudsynt å gjennomføre sikringstiltak. **NVE har motsegn til planen inntil trongen for sikringstiltak i elva er kartlagt og dokumentert, til tiltaka er avgrensa og konkretisert i planen, og konsekvensane av tiltaka for ålmenne interesser i vassdraget er gjort greie for og funne akseptable.**

Med helsing

Brigt Samdal  
regionsjef

Toralf Otnes  
senioringeniør

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*

Kopi til:

Lindås kommune